

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring.

Fylkestinget meiner at følgjande område bør ha særskild fokus i kommande fireårsperiode, jamfør utfordringsbiletet for Hordaland.

- fokus på å sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- fokus på å hindre aukande sosioøkonomiske skilnader
- trafikksikring

Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem både på individ- og samfunnsnivå og har innverknad på folkehelsa. Fylkestinget ber om at det vert rapportert på dette i framtidige planar.

Det er også viktig at ein har fokus opp mot kommunane for å sjå om det er rom for betring av kommunane si merksemd på dette området.